



Revidert plan

LINDÅS: Formannskapet har lagt ei revidert utgåve av alkoholpolitisk plan for 2016-2020 ut på høyring. Har du innspel til planen må dei sendast innan 23. oktober. Planen kan du lesa på rådhuset i Knarvik og på heimesida til Lindås kommune. Der finn ein og informasjon om korleis ein går fram for å komma med innspel.



Temamøte

MELAND: Kulturkontora i Meland, Lindås og Radøy, samt dagleg leiar i Kystsogeveke, inviterer til temamøte om vegen vidare for Kystsogeveke. «Kva vil vi med Kystsogeveke?» finn stad på Mølla på Litlebergen onsdag 13.9 kl. 18:00. Det vert paneldebatt med ordførarane i Meland, Lindås og Radøy, samt dagleg leiar i Kystsogeveke Kjell Magnus Økland.



Kunstskule

FEDJE: Kulturskulen tilbyr 10 vekers kunstskule i haust. Tilbodet er for deg mellom 12 og 90 år. Fyrste gong er uforpliktande prøvetime. På kurset får elevane læra teikne- og maleteknikk med bruk av ulike materiale. Teikning, akrylmaling, pastellkritt og kroki. Dei vil nytta levande modeller på nokre av kursdagane, og på ein av kursdagane vert det hyra ein akt-modell.



Bossbrenning

MASFJORDEN: Brenning av avfall på bål er ikkje tillate i Masfjorden kommune. Bakgrunnen for dette er at ein ynskjer å forhindra forureining og helseproblem for innbyggjarane i kommunen som følge av brenning av avfall og andre ting som medfører røyk og lukt. Det er enkelte unntak frå forbodet, meir informasjon på kommunen sine heimesider.

17 arbeidsplassar i fare dersom bensinstasjonen ikkje finn ny lokasjon

Shell-stasjonen må flytte

Lindås kommune vil ikkje ha ein bensinstasjon i Knarvik sentrum. Det tvingar Shell til å flytte og set 17 arbeidsplassar i fare.

YNGVE GAREN SVARDAL
yngve.svardal@nordhordland.no

Spelet om Knarvik hardnar til. Som Avisa Nordhordland har skrive i ei rekke artiklar dei siste vekene er det stor aktivitet på teiknebretta til ulike arkitektar og konsulentbyrå for tida. Årsaka er Knarvikplanen, som skal forandra Knarvik frå dagens lite sjarmerande realitet til ein moderne liten kystby.

Lindås kommune har lagt store ressursar ned i planane og har og sett av 75 millionar kroner for å klargjera Knarvik under bakken til den store utbygginga. Me har tidlegare omtala planane for Coop-tomta, Mesta-tomta og Nordhordland transportkontor. Berre på dei tomtene er det planlagt hundrevis av leilegheiter og store næringsareal, mellom anna ein Coop Extra-butikk på eit par tusen rutemeter.

- Byutvikling

Men det som kan sjå ut som den store taparen for tida er Shell-stasjonen. Kvassnesvegen skal byggast om og seinast, og det skal byggast ei stor oval rundkøyring. Det betyr at dei må eta av tomta til Shell og at tankanlegget ryk. Samstundes går det klart fram av planen som Lindås-politikarane vedtok i 2015 at næring som ein bensinstasjon ikkje er ønskeleg å ha i sentrum.

- Fakta er at dei etter kvart må sjå seg om etter andre plassar å vera, seier assisterande rådmann i Lindås kommune, Hogne Haugsdal til Avisa Nordhordland.

Han seier alle må forholde seg til den vedtatte planen og at politikarane har hatt eit tydeleg ønske om korleis ein vil at utviklinga i Knarvik skal vera.

- Slik er byutvikling. Ein legg ein plan for korleis ein vil ha det, og så vil det få konsekvensar for nokon som driv der.

Me byrjar å få rimeleg dårleg tid til å finna alternativ på vår tomt eller alternative tomter.

BÅRD GRANERUD
etableringssjef Retail Norge

Vil finne løysing

Han seier dette er eit val kommunen har tatt gjennom ein lang prosess og tydeleg politisk styring.

- Det vil få konsekvensar for nokon, slik er det berre, seier Haugsdal, som seier dei legg opp til ein tett dialog med dei som vert råka.

- **Kva tenker de om at 17 arbeidsplassar kan forsvinna som følge av dette?**

- Me er i tett dialog med Shell og arbeider aktivt for å finna løysingar som sikrar framtidig drift i nærområdet. Det er trist for dei som er involvert i det. Men me må forholde oss til den planen som er lagt, seier Haugsdal.

- Me håpar sjølvsagt at ein finn ei løysing for Shell og at arbeidsplassane vert sikra, legg han til.

Manglar gode alternativ

Kommunen har vore i dialog med Shell om moglege tomte-løysingar, utan at Shell er nøgde med dei alternativa.

- Det har ikkje vore reelle, gode alternativ, for det kan vera me får ein kortvarig effekt på ei mellombels plassering. Om ein ny E39 går rett over tomta om nokre år, er det ikkje noko god investering for oss, seier Bård Granerud, som er etableringssjef i St1 og som har ansvaret for Shell-stasjonane.

Dei 17 tilsette vart informert i førre veke om situasjonen og at det kan ha betydning for drifta i framtida. Tilsette Avisa Nordhordland har vore i kontakt med han ikkje ønska å uttale seg.

Å etablere ein ny bensinstasjon kan kosta mange millionar kroner. Shell meiner tida byrjar å gå litt ifrå dei.

- Me byrjar å få rimeleg dårleg tid til å finna alternativ på vår tomt eller alternative tomter. Me har ikkje fasitsvaret no



MÅ FLYTTE: Bård A. Granerud, etableringssjef for Retail Norge og Øyvind Andreassen, eigar av Shell-

men klokka spring veldig fort no, seier Granerud.

Han seier dei må ha ei avklaring i løpet av hausten.

- Skal me vekk frå tomta vår i Knarvik må me rydda opp etter oss på ein god måte, peikar han på.

Dei vil heller ikkje stenga i eit eller to år før dei opnar på ein ny plass i Knarvik.

- Då tapar me kundar, peikar Granerud på.

Difor hastar det å få stoda avklara no.

Må ha bemanning

No har dei eigne konsulentar

som jobbar med å sjå på om det er mogleg å plassera tankanlegget andre plassar på dagens 2,9 mål store tomt, slik at dei kan bruka tomta i nokre år til, utan at dei har landa ei løysing. Dei har og vore i kontakt med andre tomteeigarar i Knarvik, utan å landa noko.

- Me har hatt dialog om konkrete plassar, utan at eg vil gå inn på det, seier han.

Kravet deira er at tomta må ligga sentrumsnært langs E39.

Dei vil ikkje erstatta dagens bensinstasjon med ein ubemanna ein i framtida.

- Nei, det synst eg er ei dår-

leg løysing. Det er mange som jobbar her, og det er mange kundar her. I tillegg er dette den einaste døgnopne bensinstasjonen i området, seier Øyvind Andreassen som driv åtte bensinstasjonar i bergensområdet, inkludert Shell-stasjonen i Knarvik. Den har han hatt i sitt selskap dei siste tolv åra.

- **Men har ein bensinstasjon noko å gjera i sentrum av ein moderne småby?**

- Det er noko kundane spør etter, seier Andreassen.

Både han og Granrud hevdar dagens Shell-stasjon er viktig for gigantkonsernet i regional